

Forskrift om felles ordensreglement for grunnskulane i Flora kommune

(Revidert 01.01.2018 etter høring i brukargruppene)

- 1 Innleiing**
Heimel
Formål
Verkeområde
- 2 Kva rettar elevane har**
- 3 Kva plikter elevane har**
- 4 Grunnlaget for vurdering i orden og åtferd**
- 5 Konsekvensar ved brot på ordensreglementet**
- 6 Framgangsmåte ved vedtak om sanksjonar**



<p>Opplæringslova § 9 A-2</p> <p>Alle elever har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.</p>	<p>Opplæringslova § 9 A-10 Ordensreglement</p> <p>Kommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte grunnskole.</p>
<p>Flora kommune -kommunedelplan for oppvekstsektoren 2011-2020</p> <p>Skulane arbeider systematisk for å sikre at elevane sine rettar etter opplæringslova § 9A blir oppfylde, både førebyggjande og med tiltak når brot skjer.</p>	



1. Innleiing

HEIMEL

Fastsetjing av ordensreglement er delegert til rådmannen frå Flora Bystyre 22.06.2004 i sak 069/04.

Ordensreglementet er gitt med heimel i § 9 A-10 i Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa. Ordensreglementet utfyller lov av 17.juli 1998 nr. 61, sist endra ved lov av 09. juni 2017 nr. 38.

Dette ordensreglementet gjeld for alle skulane i kommunen. Det er delegert til den enkelte skule og den enkelte rektor å gi særreglar tilpassa lokale forhold og behov, og spesielt å utfylle kapitlet om grunnlaget for vurdering i orden og åtferd. Særreglane skal då vere i tråd med det felles ordensreglementet.

Rådmannen vedtek det felles ordensreglementet, mens rektor vedtek særreglane.

FORMÅL

Floraskulen skal fremje trivsel, respekt, samarbeid og medansvar, og gi alle elevar dei beste forhold for læring og personleg utvikling. Ordensreglementet er ein reiskap i denne dannelsingsprosessen.

Handheving av ordensreglementet er ein del av skulen sitt aktive og systematiske arbeid for å skape eit trygt og inkluderande miljø og å ha ei felles forståing av reglane.

VERKEOMRÅDE

Ordensreglementet omfattar alle grunnskulane i Flora kommune. Dei gjeld for alle aktivitetar i skulen sin regi, uavhengig av tid og stad. Det gjeld også på skulevegen.

Den enkelte skule skal i tillegg til det felles ordensreglementet ha rutinar og prosedyrar for å ivareta elevane sitt psykososiale skulemiljø etter §9A.

Skulen kan i tillegg fastsetje eige IKT-reglement.

Ordensreglementet er avgrensa til skuletid, og skulen må ha eigne reglar for orden og åtferd for elevar som deltek i SFO-tid og leksehjelpsordninga. Opplæringslova kapittel 9A om skulemiljø gjeld også for SFO og leksetid.



Rektor har ansvar for at elevar og føresette kvart år blir gjort kjende med innhaldet i denne forskrifta og skulen sine interne reglar. Det felles ordensreglementet ligg på Flora kommune og den enkelte skule si heimeside.

Endring av Flora kommune sitt ordensreglement er gjort i tråd med endring av opplæringslova av 09. juni 2017 nr. 38, gjeldande frå 01.08.2017. Forskrift om ordensreglement for skulane i Flora kommune av 01.august 2015 er oppheva.

2. Kva rettar elevane har

I tråd med formålet for ordensreglementet, har elevane rett til

- *å bli møtt med respekt av alle
- *å få medansvar for eit trygt og inkluderande skulemiljø
- *å få hjelp til å løyse konflikhtar som oppstår som del av skulekvardagen
- *å få ei tilpassa opplæring med konstruktive tilbakemeldingar

3. Kva plikter elevane har

I tråd med formålet for ordensreglementet har elevane plikt til

- *å vise alle respekt og ha omtanke for skulemiljøet
- *å gjere sitt beste for å skape eit godt læringsmiljø og skulemiljø
- *å jobbe for at ingen blir mobba fysisk, psykisk, verbalt eller digitalt
- *å delta aktivt i opplæringa

4. Grunnlaget for vurdering i orden og åtferd

Formålet med vurdering i orden og åtferd er å bidra i sosialiseringssprosessen til eleven, skape eit godt psykososialt miljø og gi informasjon om eleven sin orden og åtferd. Grunnlaget for vurdering i orden og åtferd er det kommunale ordensreglementet, i tillegg til det skulen måtte ha vedteke i sine særreglar.

Skulen er lærings- og arbeidsplass for mange menneske, barn, unge og vaksne. Saman har vi eit ansvar for korleis miljøet på skulen blir. God folkeskikk og sunn fornuft skal også vere basisen for handheving av ordensreglementet. Men klare reglar som alle er kjende med, bidreg til felles forståing av kva som er ønskt og uønskt åtferd i skulekvardagen.



Elevane skal kjenne til kva som blir vurdert som god orden og kva som blir vurdert som god åtferd. Elevane skal også vere kjende med kva som blir vurdert som uønskt orden og uønskt åtferd.

Vurderinga i orden og åtferd skal haldast åtskild frå vurderinga av eleven sin kompetanse i fag. I vurdering av orden og åtferd skal det takast omsyn til eleven sine føresetnader.

Kontaktlærer skal gjennom heile grunnskulen gi ei halvårsvurdering i orden og åtferd, til vanleg blir denne inkludert i samtalen med foreldra om eleven si faglege utvikling.

Frå 8.årssteg skal lærar gi karakter i orden og åtferd. Nedsett karakter skal til vanleg setjast ut frå ei heilskapleg vurdering, utan å legge avgjerande vekt på enkelthendingar. Å gi ein elev ein annan karakter enn beste karakter i orden eller åtferd skal ikkje brukast som straff eller sanksjon. Ugyldig fråver vil til vanleg gå ut over ordenskarakteren.

GRUNNLAGET FOR VURDERING I ORDEN

Orden handlar om førebuing, arbeidsvanar og arbeidsinnsats. Det er t.d. god orden når

- *eleven møter presis på skulen og til undervisninga
- *eleven er på skulen og deltek i undervisninga heile skuledagen
- *eleven har orden i skulesakene
- *eleven har med nødvendige læremiddel og utstyr
- *eleven gjer arbeid som er pålagt så godt som mogleg og til rett tid

Alle skular har plikt til å ha eit system for å registrere i kva grad elevane er til stades på skulen.

GRUNNLAGET FOR VURDERING I ÅTFERD

Åtferd omfattar all åtferd på skulen, både mot elevar, lærarar og andre tilsette. Det er t.d. god åtferd når

- *eleven er hyggeleg og høfleg
- *eleven er aktivt deltakande og konsentrert i fagøktene
- *eleven viser respekt for skulen og andre sine eigendelar
- *eleven ikkje bannar eller bruker anna grovt språk
- *eleven ikkje mobbar eller på andre måtar krenker andre fysisk, verbalt eller digitalt
- *eleven ikkje er valdeleg eller kjem med truslar
- *eleven ikkje røyker, snusar eller er påverka av rusmiddel
- *eleven ikkje har med seg farlege gjenstandar på skulen sitt område
- *eleven ikkje fuskar eller forsøker å fuske på prøver og innleveringar



5. Konsekvensar ved brot på ordensreglementet

Når ein elev handlar i strid med ordensreglementet, skal skulen setje i verk sanksjonar/tiltak. Alle sanksjonar skal vere slik at elevane forstår kva for reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere på dette. Sanksjonane skal stå i rimeleg forhold til brotet på ordensreglane. Dette gjeld både for tiltak i det felles ordensreglementet for Floraskulen og for særreglane. Eleven skal om mogleg, gjevast høve til å gjere opp for seg.

Det skal berre nyttast sanksjonar som er skriftleg nedfelte i ordensreglementet.

Fysisk refsing og andre krenkande handlingar, må ikkje nyttast. Fysisk arbeid i samband med reparasjonar, rydding eller vask etter seg sjølv eller andre, er ikkje å sjå på som fysisk refsing.

Kollektiv straff kan ikkje nyttast som tiltak mot grupper av elevar der ein eller fleire av elevane ikkje har gjort noko som er i strid med ordensreglementet.

Tiltak mot brot på ordensreglane

Ved brot på ordensreglane kan skulane ta i bruk desse tiltaka - alt etter kor alvorleg brotet er

- Munnleg irettesetjing
- Munnleg melding til foreldre
- Skriftleg irettesetjing/åtvaring/anmerkning
- Skriftleg melding til foreldre
- Inndraging av gjenstandar som blir brukt på ein farleg eller provoserande måte. Inndregne gjenstandar kan leverast til foreldre. Ulovlege eller farlege gjenstandar vert levert til politiet.
- Overføring til ei anna gruppe eller klasse - permanent eller mellombels. Foreldre blir informert.
- Pålegg om oppgåver for å rette opp skade som er påført skulen (rydde søppel, vaske golv, fjerne tagging o.l.)
- Oppmøte på skulen før eller etter skuletid i samband med samtalar med lærar/rektør eller utføring av pålagde oppgåver.
- Ta igjen tid eller gjensitting
- Tap av goder

Særskilt om bortvising (jfr. Oppl.lov § 9 A-11)

Elevar kan visast bort frå undervisninga dersom dei bryt reglementet i alvorleg grad eller fleire gongar. Elevar på 8.-10. klassetrinn kan visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar. Elevar på 1.-7. klassetrinn kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar eller resten av dagen.

Rektor kan vedta bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven.

Rektor kan gi lærarar høve til å bortvise frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt, men ikkje meir enn to kløkketimar.



Det at eleven ikkje får delta på arrangement og turar i skulen sin regi, er også bortvising.

Før det blir gjort vedtak, skal eleven ha fått høve til å forklare seg munnleg og ein skal ha vurdert å bruke andre hjelpe- og refsingstiltak.

Foreldra skal varslast før ein elev på 1.-7.årstrinn blir bortvist for resten av dagen, og før bortvising for heile dagar på 8.-10. klassetrinn. Foreldre har ansvar for elevar som er bortvist frå skulen.

Ved bortvising frå enkelttimar vil eleven vere skulen sitt ansvar, og det må vurderast konkret ut frå blant anna eleven sin oppførsel og alder i kva grad det er nødvendig med tilsyn i denne perioden.

Konkret om regelbrot og sanksjonar

Ugyldig fråvær

Dersom eleven kjem for seint eller unndreg seg undervisninga, vil heimen bli kontakta for å få klarlagt årsaka til fråværet.

Foreldre må også informerast om det ansvaret dei har for eleven sitt frammøte til undervisning etter opplæringslovens § 2-1.

Berre sjukdom og innvilga permisjonar er rekna som gyldig fråver.

Permisjonar kan innvilgast i samsvar med Opplæringslova §2-11.

I ungdomsskulen kan ugyldig fråver føre til nedsett karakter i orden. Alt fråver frå undervisning skal førast på vitnemålet ved avslutning av 10. klasse.

Mobbing og valdeleg åtferd

Vald eller truslar om vald er ikkje akseptert i Floraskulen. Mobbing er fysisk eller psykiske angrep som over tid er retta mot ein eller fleire elevar eller tilsette.

Den enkelte skule har ein handlingsplan mot mobbing vedteke av Samarbeidsutvalet. SU/skulemiljøutvalet gjennomgår planen årleg. Rektor har ansvar for at alle i skulemiljøet kjenner handlingsplanen.

Elevar som mobbar kan visast bort frå undervisninga/skulen. Grove valdsepisodar blir melde til politiet.

Farlege gjenstandar

På skulen sitt område er det ikkje tillate med gjenstandar som kan nyttast til å utøve skade på andre. Ulovlege gjenstandar vert overlevert til politiet. Andre inndregne gjenstandar blir overlevert til eleven sine foreldre etter skuletid.

Rusmiddel

Det er forbode å vere rusa, bruke, oppbevare, omsetje eller ha med seg tobakk, snus, alkohol, narkotika eller andre rusmidlar på skulen sitt område.



Skulen kan inndra rusmiddel som er på skolens område. Tobakk og alkohol skal overlatast til eleven sine føresette. Ulovlege rusmiddel skal overlatast til politiet.

Hærverk på skulebygg og skulen, elevar eller tilsette sine eigendelar

Forsetteleg eller uaktsom skade eller hærverk på skulen sin eigedom og utstyr kan medføre eit erstatningskrav til foreldre. Det same gjeld ved tap eller øydelegging av bøker og anna utstyr, jf. skadererstatningslova § 1-1 og 1-2. Elevar som utøver hærverk, kan påleggast å rydde opp etter seg/utbetre skadar. Arbeidet skal stå i rimeleg forhold til regelbrot og føresetnader.

Mobiltelefon og internett

Den enkelte skulen kan ha reglar for bruk av mobiltelefon i skuletida, og sanksjoner for brot på reglane.

Skulen har normalt ikkje ansvar for mobiltelefonar og private PC'ar elevar tek med til skulen. Skulen sin internett-tilgang skal som hovudregel berre brukast til undervisningsformål. I skulen sitt IKT-reglement skal det gå fram kva ansvar elevane har som nettbukarar, og kva konsekvensane blir ved brot på reglane. Nettmobbing/trakassering over skulen sitt nett, blir til vanleg meld til politiet.

Undersøking

Ved grunn til mistanke om brot på punktet om rusmiddel eller punktet om farlege gjenstandar, kan leiinga ved skulen undersøke i gardereskåp og bokskåp som er disponert av elevane.

Leiinga ved skulen kan også be eleven sine foreldre om løyve til å foreta kontroll av eigendelane til eleven, som lommar i klede og sekkar. Om mogleg skal foreldra få høve til å vere tilstades ved ein eventuell kontroll.

Enkeltvedtak

Bortvising

Ei avgjerd om å vise bort ein elev for ein heil dag eller fleire dagar vil vere å forstå som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova kapittel 5. Enkeltvedtak skal gjerast av rektor, og kan ikkje delegerast.

Andre sanksjonar og tiltak vil normalt ikkje vere enkeltvedtak. Dersom avgjerda betyr mykje for den enkelte elev, bør rektor likevel vurdere å følgje saksbehandlingsreglane for enkeltvedtak. Nedsett karakter i orden og åtferd er eit enkeltvedtak.

Flytting av elev til annan skule

Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skule enn nærmiljøskulen utan foreldra sitt samtykke. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. (Jfr. opplæringslova § 8-1, 3. ledd). Rådmannen tar avgjerd i slike saker.

**Kven gjer enkeltvedtak**

Følgjande sanksjonar kan berre vedtakast av rektor:

- * Vedtak om bortvising frå undervisning
- * Vedtak om bortvising frå eksamen
- * Vedtak om å flytte ein elev til ein annan klasse
- * Vedtak om å melde ei sak til politiet
- * Vedtak om å krevje økonomisk erstatning frå elevar/føresette

Følgjande sanksjonar kan berre vedtakast av rådmannen:

- * Vedtak om å flytte ein elev til ein annan skule

Melding til politiet

Ulovlege forhold på skulen sitt område kan bli meld til politiet. Det vil normalt vere den fornærma sine foreldre som må levere ei eventuell melding til politiet. Skulen kan hjelpe til med utforming av meldinga. Dersom den fornærma er ein tilsett ved skulen, skal det skrivast avviksmelding, og verneombodet skal koplust inn.

Ved akutte situasjonar der det er fare for liv og helse, vil det vere naturleg å kontakte politiet. Eleven sine foreldre skal så vidt mogleg varslast munnleg samtidig som ein ber om hjelp frå politiet, og dei skal uansett varslast skriftleg om at politiet er kontakta. Skulen kan også kontakte politiet anonymt for å få hjelp t.d. til å gjere ei risiko- og trusselvurdering.

6. Framgangsmåte ved vedtak om sanksjonar

Dei sanksjonane som blir tatt i bruk, skal stå i ordensreglementet, enten i det felles reglementet eller i særreglane.

Handsaming av brot på ordensreglementet følgjer elles av sakshandsamingsreglane i forvaltningslova. Ved avgjerd skal følgjande sakshandsamingsreglar uansett gjelde

- Skulen pliktar å sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg, og avgjerda skal treffast på eit grunnlag som er forsvarleg etter saka si art og karakter.
- Før alvorlege sanksjonar blir sette i verk, har eleven krav på å forklare seg for den som skal fatte vedtaket. Vedtaket skal grunngjevast.
- Grunngjevinga skal gjevast samtidig med melding om avgjerda til eleven, med mindre særskilte forhold er til hinder for dette. Grunngjevinga kan gjevast munnleg, men ved enkeltvedtak og ev. andre avgjerder som er særleg viktige, skal grunngjevinga gjevast skriftleg.
- Eleven sine foreldre skal få informasjon om innhaldet i saka og avgjerda som skulen har fatta. Ved alvorlege brot bør informasjon så vidt mogleg gjevast før tiltak vert sette i verk.